



Arkivnr: 2014/11856-8

Saksbehandlar: Guro Klyve

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---------------|--------|------------|
| Fylkesutvalet | | 11.06.2014 |
| Fylkestinget | | 11.06.2014 |

Ny E39 Os-Bergen og E39/Rv580 Rådalskrysset - Avtale om massedeponi i Hordnesskogen og grunnerverv ved Rådalskrysset

Samandrag

Ved bygging av ny E39 Os-Bergen og E39/Rv580 Rådalskrysset vil det vere behov for plassering av overskuddsmassar. Desse steinmassane skal nyttast på ein samfunnsgagnleg måte.

Hordaland fylkeskommune er eigar av gnr. 97 bnr. 1 og gnr. 119 bnr. 378 i Bergen kommune. Det er framforhandla ein kjøpekontrakt mellom Staten v/Statens vegvesen Region vest og Hordaland fylkeskommune som gjev vegvesenet rett til å ta i bruk areal i Hordnesskogen på gnr. 97 bnr. 1 til deponi av tunnelstein i samsvar med reguleringsplan for Hordnesskogen.

Vidare følgjer det av kjøpekontrakten at Hordaland fylkeskommune skal avstå eit areal på ca. 4.370 m² langs Fanavegen nær Rådalskrysset i samsvar med reguleringsplan for E39/Rv580 Rådals-Sørås. Arealet ligg på gnr. 119 bnr. 378.

Skal saka om ny E39 Os-Bergen kunne handsamast av Stortinget i haust, er det eit krav frå Samferdsledepartementet at det er inngått avtale med grunneigar.

Fylkesrådmannen rår til at vedlagte kjøpekontrakt vert godkjent.

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt mellom Staten v/Statens vegvesen Region vest og Hordaland fylkeskommune.

Johnny Stiansen
fung. fylkesrådmann

Nils E. Vetlesand
fung. fylkesdirektør økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Kjøpekontrakt
- 2 Uttale frå Stend vgs til kjøpekontrakt
- 3 Tilbakemelding frå Statens vegvesen på uttale frå Stend vgs
- 4 Oversiktskart

Fylkesrådmannen, 05.06.2014

Ved bygging av ny E39 Os-Bergen og E39/Rv580 Rådalskrysset vil det vere behov for plassering av overskuddsmassar. Desse steinmassane skal nyttast på ein samfunnsgagnleg måte.

Hordaland fylkeskommune er eigar av gnr. 97 bnr. 1 og gnr. 119 bnr. 378 i Bergen kommune. Kjøpekontrakt mellom Staten v/Statens vegvesen Region vest og Hordaland fylkeskommune gjev vegvesenet rett til å ta i bruk areal i Hordnesskogen på gnr. 97 bnr. 1 til deponi av tunnelstein. Gnr. 97 bnr. 1 vert nytta av Stend vgs.

Vidare følgjer det av avtalen at Hordaland fylkeskommune skal avstå eit areal på ca. 4.370 m2 til veg mm. langs Fanavegen nær Rådalskrysset. Arealet ligg på gnr. 119 bnr. 378. Sjå oversiktskart.

Grunnerverv nær Rådalskrysset

Reguleringsplan for Rådalskrysset – E39/Rv580 Rådal-Sørås, Planid. 62000000 vart vedteken 19.09.2012.

Arealet på ca. 4.370 m2 ved Fanavegen som skal avståast er merka med gult (nr. 5) på teikning K11-W05-502, datert 26.04.2013, som er vedlagt kjøpekontrakten. Vedlegg 1.

Det vil i anleggsperioden verte beslaglagt eit areal på ca. 8.770 m2. Det er merka med grønt (nr. 5) på teikning K11-W05-501, datert 26.04.2013, som er vedlagt kjøpekontrakten. Vedlegg 2. Arealet er regulert til kollektivanlegg, og vegvesenet vil foreta ei masseutskifting før arealet skal tilbakeførast til fylkeskommunen.

Vegvesenet vil byggje avkøyring og tilkomstveg til areal regulert til kollektivanlegg.

Det vil ikkje bli utbetalt erstatning for arealet til permanent erverv på ca. 4.370 m2, då dette vil verte kompensert med mellom anna masseutskifting av kollektivtomta.

Massedeponi i Hordnesskogen

Plassering av steinmassane krev ein reguleringsplan. Reguleringsplan for Fana, gnr. 97 bnr. 1 Hordnesskogen, Planid. 62390000, vart vedteken 30.10.2013.

Planområdet er på ca. 250 mål. Det er avgrensa av Skeievegen i aust og Hordnesvegen i sør. Ved full utnytting vil arealet for utfylling dekke ca. 130 mål og ha ein kapasitet på ca. 1.200.000 m3 massar.

Etter oppfylling skal området ferdigstillast til landbruksformål, og i planen er det regulert til LNF-område, køyreveg, gang- og sykkelveg samt parkering. På toppen av fyllinga vil vegvesenet lage ein bane på minimum 700 meter i total lengde, jf. illustrasjonsplan som er vedlagt kjøpekontrakten. Vedlegg 3. Banen skal ha eit topplag med grus med ein kvalitet som gjer at den kan nyttast til trening av hestar. Innafor grusbanen skal området tilretteleggjast slik at Stend vgs kan bruke det til fôrproduksjon. Vegvesenet vil byggje ny landbruksveg opp til toppen av deponiet, samt lage tursti. Ferdigstilling av deponiområdet skal vere utført seinast eitt år etter åpninga av vegprosjektet.

Deponiområdet består i dag for det meste av planta granskog, og denne skogen må fjernast. For berekning av erstatning for kubikkmasse tømmer har Stend vgs innhenta ein takst av 13.03.2013. Det er gjort fråtrekk for berekna grunnverdi, då areala skal opparbeidast til jordbruk og fortsatt vere eigd av fylkeskommunen. Erstatningssummen er på kr. 1.150.000. I tillegg skal vegvesenet bidra med kr. 100.000 for tilrettelegging av område for ulike aktivitetar for allmenn bruk. Sjå illustrasjonsplan.

I nord er det i dag ein parkeringsplass for brukarar av Hordnesskogen som har ein kapasitet på 40-50 bilar. Vegvesenet vil utbetre avkøyringa frå Skeievegen og utvide parkeringsplassen til å romme ca. 150 bilar, slik at fleire kan nytte turområda. Det følgjer av planbeskrivinga at parkeringsplassen skal vere offentleg og at Bergen kommune skal ha ansvaret for drift og vedlikehald.

Ved transport av massane er det viktig at trafikktryggleiken vert ivareteken i heile anleggsperioden.

For Stend vgs. vil det vere ei ulempe at tilkomsten frå Fanavegen til deponiområdet skjer via Hordnesvegen. 400 elevar kryssar dagleg Hordnesvegen for tilkomst til Bjarghallen og det er 100 elevar på tilrettelagt utdanning, deriblant fleire psykisk og fysisk handikappa, som beveger seg i dette området. I tillegg vert området nytta i samband med gardsdrifta. Stend vgs. har i uttale til kjøpekontrakten av 04.06.2014, sjå vedlegg, kome med framlegg om at tilkomsten skjer via avkøyringa til FSG, som ligg 200 m forbi Hordneskrysset.

Vegvesenet har tidlegare vurdert alternative tilkomststar til deponiområdet. Då Bergen bystyre vedtok reguleringsplanen for Hordnesskogen den 30.10.2013, kom bystyret samstundes med ein merknad der dei ba Statens vegvesen om å vurdere alternative tilkomststar via anlegget til FSG i Rådalen.

På bakgrunn av merknaden i bystyret sitt vedtak utførte Statens vegvesen ei ny vurdering. Av vegvesenet sitt brev av 07.02.2014 til Bergen kommune går det fram at ein adkomst via FSG vil føre til fleire konflikhtar mellom massetransporten og mjuke trafikantar. Vegvesenet skriv mellom anna:

«Massetransporten vil passere tett inntil Bjarghallen, Stavollen og parkeringsplassen for disse. Dette er et område med stor aktivitet og mange barn og ungdom som går, sykler og venter på å bli hentet. Massetransporten må krysse Skeievegen hvor det også er mange gående og syklende. Denne kryssingen blir en avkjørsel i nærheten av adkomstvegen til idrettsanlegget. Selv om det er mulig å gjerde inn mesteparten av en slik massetransportadkomst, må det være åpning ved Skeievegen. Dette medfører at det ikke er mulig å skille massetransporten helt fra øvrig aktivitet i området. Området benyttes også til modellflyging og landingsområde for fallskjermhoppere.»

Vegvesenet konkluderar i brevet med at den løysinga som gjev best tryggleik med færrest konflikhtar er adkomst til deponiområdet via Hordnesvegen slik det er beskrive i reguleringsplanen. Innhaldet i brevet av 07.02.2014 er teke med i vegvesenet si tilbakemelding av 04.06.2014 på Stend vgs sin uttale av 04.06.2014. Sjå vedlegg.

For å betre situasjonen for Stend vgs vil vegvesenet gjennomføre tiltak i Hordnesvegen. Før massetransporten startar utbetrar vegvesenet krysningpunktet i Hordnesvegen med eit opphøga fotgjengarfelt. Dette er vist på teikning som er vedlagt kjøpekontrakten. Vedlegg 4. Vidare vert det gjort mindre tiltak i krysset Fanavegen/Hordnesvegen og vegvesenet vil fremje sak om nedsett fartsgrense til 30/40 km/t i Hordnesvegen forbi skulen.

I samband med førebuingane til oppstart har vegvesenet òg sett på andre moglegheiter for å redusere massetransporten til Hordnesskogen. Vegvesenet reknar med å få leige eit regulert riggområde ved Klokkarvatn til steinknusing. Går dette i orden, vil steinmengda til Hordnesskogen verte redusert. Vidare er det lagt opp til at meir av steinen frå Lyshorntunnelen skal plasserast i Os enn det som opphaveleg var berekna. Dette fordi ein reknar med at tunnelen mellom tverrslaget ved Klokkarvatn og Endalausmarka vil vere ferdig før strekninga Tverrslaget-Rådalen er ferdig.

Fylkesrådmannen er komen til, ut frå den totalvurderinga som vegvesenet har gjort med omsyn til trafikktryggleiken og ut frå dei tiltaka som skal gjennomførast i Hordnesvegen, at ein tilkomst til deponiområdet via Hordnesvegen vil vere den beste løysinga. Det er denne løysinga som er lagt til grunn i kjøpekontrakten.

Fylkesrådmannen rår til at kjøpekontrakten vert godkjent.

I dei vedlagte uttalanane frå Stend vgs og Statens vegvesen av 04.06.2014 er «Høiebøen» og «Bakvollen» nemnd. Det aktuelle arealet er utleigd, og det er ikkje eit krav frå Statens vegvesen om å måtte nytte dette området. Det er difor teke ut av avtalen.